

ÅRSRAPPORT 2020 FOR REVISJONSUTVALET OG INTERNREVISJONEN I HELSE VEST



FORORD

Revisjonsutvalet og internrevisjonen i Helse Vest er begge ledd i å styrke styret si overvaking av internkontrollen. I samsvar med gjeldende instruksar utgjør dette dokumentet den årlege rapporten om utvalet og internrevisjonen sitt arbeid.

INNHALD

1. Revisjonsutvalet	4
1.1 Formål og samansetnad	4
1.2 Oppgåver	4
1.3 Møte og saker	4
2. Internrevisjonen	5
2.1 Formål og samansetnad	5
2.2 Oppgåver	6
2.3 Fagleg fundament og eksterne dialogar	7
3. Internrevisjonsprosjekt i 2020	8
3.1 Oppfølging: Avansert oppgåveplanlegging (2019)	8
3.2 Oppfølging: Internkontroll i helseføretaka (2019)	9
3.3 Fleire prosjekt	10

1. REVISJONSUTVALET

1.1 Formål og samansetnad

Revisjonsutvalet er eit underutval av styret i Helse Vest RHF og har eit særleg ansvar for å støtte styret til å utøve god verksemdstyring gjennom tilsyn med risikostyring og internkontroll i føretaksgruppa.

Revisjonsutvalet hadde i 2020 følgjande samansetnad:

- Gunnar Berge, leiar
- Olin Johanne Henden
- Bente S. Pilskog

1.2 Oppgåver

Revisjonsutvalet skal:

- Føre tilsyn med at det er etablert risikostyring og internkontroll som kan bidra til å sikre :
 - målretta og kostnadseffektiv bruk av ressursar
 - påliteleg styringsinformasjon
 - etterleving av regelverk, eigarkrav og eigne vedtekne krav (mellom anna etikk)
 - oppfølging og læring av feil og avvik rapportert frå interne og eksterne tilsyns- og kontrollinstansar.
- Sjå etter at Helse Vest har ein uavhengig og effektiv intern revisjon og ekstern revisjon.

1.3 Møte og saker

Revisjonsutvalet har lagt til grunn at internrevisjonen og revisjonsutvalet ved kvart årsskifte gjer ein gjennomgang av instruksane, og at ei tilråding frå utvalet kan følgje samlesaka til styret, saman med sjølve instruksane. Det ligg til styret å fastsette instruksar for revisjonsutval og internrevisjonen.

I 2020 gjorde ikkje styret justeringar eller endringar i nokre av instruksane.

Revisjonsutvalet hadde fire ordinære møte i 2020. I tillegg vart det halde to ekstraordinære møte for å handsame sak om framtidig organisering av internrevisjonsarbeidet. I alt handsama revisjonsutvalet 36 saker i 2020. Protokollane frå utvalet sine møte vert lagt fram for styret til orientering. Internrevisjonen er sekretær for utvalet. Frå administrasjonen i Helse Vest RHF deltek eigardirektør og økonomi- og finansdirektør fast, med talerett. Administrerande direktør deltek normalt på eitt av møta i året. Møta er opne for andre.

Utvalet har i løpet av året hatt to saker knytt til oppfølging av to tidlegare internrevisjonsprosjekt og har drøfta oppstart av internrevisjon på to nye prosjekt.

Som tidlegare år gjekk ekstern revisor i revisjonsutvalet sitt april møte gjennom revisjonsmeldinga si ved behandlinga av årsrekneskapen. Årsrekneskapen for Helse Vest vart gjennomgått av konsernrekneskapsjefen i Helse Vest RHF. I utvalet sitt desembermøte presenterte ekstern revisor resultatane frå interimrevisjonen på hausten og planane for årsrevisjonen.

2. INTERNREVISJONEN

2.1 Formål og samansetnad

Internrevisjonen skal på vegner av styret i Helse Vest RHF overvake og bidra til forbetringar i føretaksgruppa si verksemdstyring, risikostyring og internkontroll. Instruksen vart lagt fram for styret årleg, og vart sist justert ved gjennomgangen i mars 2019.

Internrevisjonen har sidan 2012 hatt tre stillingar. Sjølv med full bemanning er det ei lita og sårbar eining med ei stort virkefelt, og med ein omfattande revisjonsplan som ligg til grunn for arbeidet. Etter at ein av medarbeidarane på slutten av 2019 gjekk over i anna stilling i RHF-et, starta eininga 2020 med redusert kapasitet.

Etter initiativ frå leiar av revisjonsutvalet avgjorde styret i februar 2020 at ein skulle gå gjennom organiseringa av internrevisjonsarbeidet i Helse Vest.

I byrjinga av mars 2020 fråtredde leiar stillinga si, med den følgje at det sidan berre har vore éin medarbeidar att i internrevisjonen. Dette har resultert i ein arbeidssituasjon som både fagleg og arbeidsmessig er svært krevjande. Situasjonen er blitt ytterlegare forsterka av coronapandemien, som sidan mars og gjennom det meste av 2020 har gjort det påkravd med isolert heimekontorordning.

I prosessen med gjennomgang av organiseringa av internrevisjonsarbeidet engasjerte styret ekstern revisor BDO til å kartleggje dagens situasjon og utarbeide ei vurdering av fordeler og ulemper ved alternative framtidige organiseringar. Med rapporten deira som grunnlag vart saka førebels behandlinga av revisjonsutvalet i september. Den vidare prosessen omfatta eit dialogmøte styreleiar hadde med styreleiarane og AD-ane i helseføretaka, før saka igjen vart behandla av revisjonsutvalet og deretter endeleg vedteken av styret i desembermøtet. Styrevedtaket lyder slik:

(NB! Ordlyden er henta frå innstillinga – venter framleis på protokollen frå Torunn)

1. *Revisjonsutvalet gir si tilslutning til at internrevisjonen i Helse Vest blir organisert i samsvar med tilrådinga i saka.*

2. *Når det gjeld val av organisasjonsform for den framtidige internrevisjonen, legg revisjonsutvalet stor vekt på den eintydige tilbakemeldinga frå helseføretaka. Modellen som blir rådd til er nokså lik den ein har hatt, og nær opp til det alternativet BDO har kalla co-sourcing. Ein slik modell vil være basert på egne tilsette og innkjøp av tenester.*
3. *Revisjonsutvalet ber om at det blir sett i verk prosess for tilsetting av ny internrevisor.*
4. *Revisjonsutvalet gir støtte til at det heretter blir lagt større vekt på å følge opp definerte kjerneområder over tid.*

I høve til bemanning og kapasitet må ein leggje til grunn at noverande minimumsbemanning vil vare ved òg i 2021, og at ny leiar av internrevisjonen ikkje kan tiltre før i andre halvår 2021.

I den utfordrande bemanningssituasjonen ein no er i, er det meir enn nokon gong avgjerande at internrevisjonen kan supplere eigen kompetanse og kapasitet med innleidd bistand. Det held vi fram med, men det har vist seg krevjande å følge opp konsultentselskapa for å sikre gode leveransar. Best resultat vert oppnådd når oppdragsgjevar følgjer revisjonsteamet aktivt; dette sikrar erfaringsoverføring begge vegar. I dei to prosjekta som er starta opp på slutten av 2020, har internrevisjonen i tillegg knytt til seg fagleg bistand frå ressursar internt i RHF-et i prosjektstyringa.

2.2 Oppgåver

Innan hovudoppgåva med stadfestingar er det i 2020 ikkje avslutta nokre nye prosjekt, dette som følgje av bemanningssituasjonen. Oppfølging av tidlegare prosjekt er vektlagt, for å sikre gjennomføring av vedtekne tiltak. Erfaringa viser at det er nødvendig å vere klar overfor både RHF og HF på premissane for denne oppfølginga, for å sikre gjennomføring av dei tiltaka styret i Helse Vest, og føretaksstyra, har vedteke.

I tillegg til stadfestingsoppgåva (prosjekta) skal internrevisjonen på uavhengig og objektivt vis kunne gje uttalar og råd for å bidra til verdiskaping i føretaksgruppa. Vidare skal internrevisjonen vurdere korleis føretaksgruppa handterer risikoen for mislege tilhøve. Desse to oppgåvene blir i størst mulig grad integrert i dei prosjekta revisjonen gjennomfører.

Sekretariatsfunksjonen for revisjonsutvalet er òg oppgåver som krev kapasitet gjennom året.

Virkeområdet til internrevisjonen er heile føretaksgruppa, altså dei fem helseføretaka og Helse Vest IKT AS. Internrevisjonen har høve til å gjennomføre kontrollar i avtaleinstitusjonar og hjå avtalespesialistar innan dei rammene som er sett i gjeldande avtalar. Dermed femner internrevisjon heilskapen i det som utgjer "sørgje-for"-ansvaret.

Internrevisjonen er fagleg uavhengig av linjeorganisasjonen. Den rapporterer funksjonelt til revisjonsutvalet og styret, og administrativt til administrerende direktør i Helse Vest RHF. I tråd med internasjonale standardar skal leiar for internrevisjonen minst årleg stadfeste for styret si uavhengige rolle. Internrevisor vil for 2020 gje uttrykk for at det ikkje har vore tilfelle der internrevisjonen sin uavhengige posisjon er blitt utfordra, og seier seg tilfreds med den rolla funksjonen har i føretaksstrukturen.

Internrevisjonen har jamlege møte i revisjonsutvalet. I 2020 har det tidvis vore halde korte kontaktmøte med administrerende direktør, eigardirektør og økonomi- og finansdirektør i RHF-et.

2.3 Fagleg fundament og eksterne dialogar

Internrevisjonsfunksjonen utøver virket sitt med basis i lov om helseføretak og instruks fastsett av styret i Helse Vest RHF. Vidare blir internrevisjonen utført i samsvar med dei internasjonale standardane for profesjonell utøving av internrevisjon, slik dei er fastsett av Institute of Internal Auditors (IIA). Standardane inneheld etiske reglar og krav til profesjonell utøving av intern revisjon.

Internrevisjonseiningane i dei regionale helseføretaka har eit tett og godt samarbeid. Samarbeidet er nyttig, gitt einingane sin likskap i størrelse og funksjon. Det har òg i 2020 vore samlingar på leiarnivå og med alle medarbeidarane. Internrevisjonen har som tidlegare år hatt informasjons- og erfaringsutvekslingsmøte med Riksrevisjonen. I 2020 har alle desse samlingane og møta vore halde som elektroniske nettmøte, som følgje av coronapandemien.

Dialogen med revisjonsfunksjonar i helseføretaka blir handtert på ad-hoc basis.

Internrevisjonen i Helse Vest starta i 2019 opp med brukarevalueringar etter gjennomførte revisjonsprosjekt. Det gav eit godt utgangspunkt for vidare utvikling av tenesta. Denne ordninga vil bli vidareført òg for framtidige prosjekt.




3. INTERNREVISJONSPROSJEKT I 2020

3.1 Oppfølging: Avansert oppgaveplanlegging (2019)

Det var ein omfattande gjennomgang som vart dokumentert i revisjonsrapporten frå januar 2019. Den etterfølgjande behandlinga i føretaka indikerte at det blei sett i gang ein ny giv med å få opplegget på plass.

Hovudkonklusjon

Hovudkonklusjonen i rapporten var at målet i styringsdokument 2018 om at planleggingshorisonten for alle einingar til ein kvar tid skal vere mellom 6 og 9 månader, ikkje såg ut til å ville bli oppfylt i overskodesleg framtid. Det auka risikoen for ikkje å lukkast med dei store ambisjonane som ligg i Alle møter-programmet.



Tilråding

Tilrådinga i rapporten var at alle føretaka intensiverte arbeidet med å innfri styringskrava for Avansert oppgaveplanlegging.

Oppfølging og avslutning av revisjonen i 2020

Internrevisjonen hadde våren 2020 ei oppfølging blant føretaka og la fram ei oppsummering til revisjonsutvalet i juni. Utvalet slutta seg til vurderinga om at føretaka hadde følgd opp tilrådingane i rapporten på tilfredsstillande vis, og at det ikkje låg føre behov for å gjere meir frå internrevisjonen si side. Revisjonsutvalet viste likevel til RHF-styret sin faste oversikt over «Saker under arbeid», der dette temaet er ført opp. Utvalet la til grunn at styret vert halde orientert om denne saka òg i fortsetjinga.

3.2 Oppfølging: Internkontroll i helseføretaka (2019)

Rapporten frå juni 2019 omfatta dei fire ordinære helseføretaka og Apoteka. Føremålet var å vurdere korleis helseføretaka hadde innretta verksemda for å sikre ei hensiktsmessig oppfølging av "Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten" og styringssignal frå Helse – og omsorgsdepartementet.

Hovudkonklusjon

Revisjonen synte at ny forskrift hadde ført til endringar i internkontrollen, og at det var fokus på kvalitetsstyring i leiinga hjå føretaka. Samstundes var etterlevinga av kvalitetsstyringa varierende. Dette gjaldt særleg innan risikovurdering og avvikshandtering, samt evaluering og deling av informasjon på tvers i og mellom helseføretaka.



Tilrådingar

Av tilrådingane i rapporten kom det fram at «Leiinga sin gjennomgang» burde bli fast praksis i alle føretak, også Helse Vest RHF. Resultata frå risikovurderingar bør bli samla hjå føretaka, slik at ein får eit totalbiletet av risiko innan dei einskilte føretaka. I totalbiletet bør oppfølginga av risiko gå fram.

Vidare blei det føreslått at ein i føretaksgruppa etablerer prosessar som syter for at analysar av hendingar og forbetringstiltak kan bli delt på tvers av føretaka.

Oppfølging og avslutning av revisjonen i 2020

Internrevisjonen hadde våren 2020 ei oppfølging blant føretaka og la fram ei oppsummering til revisjonsutvalet i juni. Revisjonsutvalet viste til at føretaka har arbeidd grundig med dette temaet. Ein trakk fram betydinga av at føretaka sitt arbeid med dette no er sett i system, men understreka òg at det er like viktig at alle HF-a held fram med dette arbeidet i eige føretak. Revisjonsutvalet slutta seg til vurderinga om at føretaka hadde følgd opp tilrådingane i rapporten på tilfredsstillande vis, og at det ikkje låg føre behov for å gjere meir frå internrevisjonen si side.

3.3 Fleire prosjekt

Administrasjon av pasientar på ventelister.

Denne revisjonen vart sett i gang i 2019. Føremålet er å undersøkje om føretaka sine rutinar og praksis for prioritering og oppfølging av pasientane før og særleg etter at helsehjelp er starta, sikrar forsvarleg pasientbehandling og unngår uheldige vridingseffektar.

Bakgrunnen for temaet sin aktualitet er mellom anna at myndigheitene har retta mykje merksemd mot ventetida fram mot pasienten sin første kontakt med spesialisthelsetenesta, og i mindre grad på kva som skjer etterpå. Følgja kan mellom anna vere at føretaket gjerne skyv på so kalla «kontrollar». Dette kan vere pasientar som ikkje lid noko helsetap av den grunn, men det kan òg vere at kronikarar umedvite vert nedprioriterte på bakgrunn av den store merksemda mot ventetida til første pasientkontakt og at fristbrot ikkje må førekome. Uansett er det mogleg at dagens system og praksis kan medføre uheldige vridingar som bør vurderast opp imot kravet om forsvarleg helsehjelp.

Denne revisjonen var planlagt slutført i 2020. Dette viste seg umogleg som følgje av bemanningssituasjonen som er gjort greie for ovanfor.

Nye prosjekt

Som oppfølging av prioriteringsrekkefølgja vedteken av revisjonsutvalet i juni 2020, starta internrevisjonen arbeidet med å førebu dei to prosjekta øvst på prioriteringslista:

- **Internrevisjon av bruk av tvang i psykisk helsevern.** Prosjektet kom inn i revisjonsplanen i 2018, som eit ønskje om å følgje opp den førre revisjonen på området (rapport framlagt hausten 2014). Formålet med prosjektet er å undersøkje om Helse Vest har gode prosessar som sikrar at bruken av tvang er i samsvar med regelverk samt med eksterne og interne retningslinjer. Internrevisjonen varsla at ein i gjennomføringa av dette prosjektet ville ha behov for innleie av ekstern kompetanse og kapasitet. Etter gjennomføringa av minikonkurranse vart oppdraget tildelt Deloitte AS, og arbeidet starta opp i desember 2020.
- **Internrevisjon av økonomistyring av byggeprosjekt.** Prosjektet kom inn i revisjonsplanen i 2020 etter innspel frå revisjonsutvalet. Formålet med revisjonen er å undersøkje om helseføretaka i Helse Vest på forsvarleg og tilfredsstillande vis vurderer og handterer økonomisk risiko i byggeprosjekt som er i gjennomføringsfasen, slik at prosjekta vert gjennomført i samsvar med dei gitte rammene, og evaluere kva læringspunkt ein kan hente til framtidige byggeprosjekt i Helse Vest. Internrevisjonen varsla at ein i gjennomføringa av dette prosjektet ville ha behov for innleie av ekstern kompetanse og kapasitet. Etter ein minikonkurranse vart oppdraget tildelt Deloitte AS, og arbeidet starta opp i desember 2020.

Helse Vest RHF
Postboks 303 Forus
4066 Stavanger

Telefon: 51 96 38 00
helse-vest.no

